

Høyringsuttale for barnehage- og skulebruksplanen til Norconsult for Vindafjord kommune vinter 2021.

Skjold bygdalag er eit uavhengig lag som arbeidar for å gjera det best mogleg for innbyggjarane å bu i bygda Skjold, men også gjera bygda attraktiv for nye innbyggjarar. Me skal styrkja idretts-, friluftsliv og kulturlivet i Skjold.

Skjold bygdalag har tru på sine folkevalte politikarar og at dei vil gjere så godt dei kan ut i frå dei forutsetjingane som dei har. Skjold er heller ikkje den bygda som blir hardest ramma uansett kva forslag politikarane går for, men me har nokre punkt som me ønskjer å ytra oss om.

- Me i bygdelaget er sterkt bekymra for auke av trafikk gjennom Skjoldavik, på vegen opp til Vikaneset, ved området utanfor Skjold Arena og området rundt barnehagen om det blir utbygging/utvidelse av barnehagen og ein skule for 1-7 klasse. Fleire foreldre kjem til å køyra barna sine til barnehagen/ skule og det kjem til å gå fleire bussar. Dette medfører til mykje meir trafikk på vegar/områder som allereie er tungt belasta. Difor bør Skjoldavikvegen utbetrast og avlastningsveg over hagebyfeltet byggast snarast moglig.
- Avlastingssona der foreldra set av barna og hentar dei når dei er ferdige på skulen er alt for dårlig slik som det er no. Det har vært mange nesten ulykker slik som det er no og når det blir enda fleire barn og unge som skal setjast av her så må dette området utbetrast. FAU på Skjold skule, Skjold arena og vaktmeister i Vindafjord kommune har jobba med denne saken over lengre tid og dei har bedt kommunen om hjelp til å finne ei løysning på problemet. Vaktmeisteren har laga ein førebelsløyssing som har fungert noko betre, men det er fortsatt langt frå optimalt.
- Det blir for få parkeringsplassar på Vikaneset om det blir utbygging/utvidelese av skulen/barnehagen. Her må politikarane sjå på utvidelse av parkeringstilbodet. Kanskje kan skogområdet mellom den noverande parkeringsplassen og Skjold tannlegekontor brukast til dette formålet?
- Me er bekymra for å senda ungdommane våre til ein stor felles ungdomskule i Ølen på grunn av lang reise veg, men og fordi store ungdomsskular kan by på fleire og større utfordringar enn små/blanda ungdomsskolar gjer.

Helsing leiar i Skjold bygdalag, Annette Bjørgen Svendsen